



**Tuna som ligg i Hauglandskryssen er alle velstelte.
Det er rydda inne på tuna og rundt hus og løer.**

To vakre iplanta krukker er godt synlege der vegane møtest på veg mot Musland. Uskedalen er etterkvart kjende for blomar i krukker langs riksvegen.

Ideen kom frå Vikedalskrinsen i Sør fjorden. Her har bygda synt seg fram på ein ositiv måte med planter i fruktassar, i busslommer og på andre sentrale stader.

No er Uskedalen nær på å gjera det same.

Blomenemnda i Uskedalen Utvikling med ansvar for blomane på strekningen Rød -Steinsletto er klare for utplassering i år også.

Vi har alle eit ansvar for rydding langs vegar, stiar, i sentrum, i strandssona og langs Uskedalselva.

Av: Kristian Olav Bringedal

Foto: Ola Matti Mathisen